

Øygarden kommune

v/ Norstein Gjengedal

Ternholmvegen 2

5337 Rong

postmottak@oygarden.kommune.no

Fedje kommune

v/ Jan Torry Sande

5947 Fedje

postmottak@fedje.kommune.no

Saksnr. Øygarden: 21/23493

Saksnr. Fedje: 18/46

Dato: 16.12.2021

Equinor-referanse: 2021-010352

Northern Lights – Etablering av rørledning i sjø

Søknad om rammeløyve - Følgebrev

På vegne av tiltakshavar Equinor sender ABO Plan & Arkitektur søknad om rammeløyve for etablering av rørledning i sjø i kommunane Øygarden og Fedje.

I samband med etablering av Northern Lights (NL) CO₂-lagringsanlegg skal det etablerast ein rørledning frå mottaks- og lagringsanlegget på Kollsnes i Øygarden kommune, ut Hjeltefjorden og ut til injeksjonsbrønn i Johansen-formasjonen i Nordsjøen. Trase for rørledningen er sikra i Detaljreguleringsplan for mottak, mellomlagring og eksportanlegg for CO₂ (Northern Lights) i Øygarden og Fedje kommunar. Erklæring frå kommunane om at tiltak er i samsvar med kommunens arealplanar er tidlegare oversendt i saka. Det er ikkje naudsynt å søke dispensasjon i samband med tiltaket. Det er 22.10.2021 gjennomført førehandskonferanse med Øygarden kommune og Fedje kommune vedrørande dette tiltaket.

Skildring av tiltaket

Dette tiltaket omfattar etablering av støttefyllingar for rørledning og legging av sjølve rørledningen på havbotnen. Strekingen det vert søkt om strekker seg frå borehol ved Energiparken og til så langt plan- og bygningslova gjeld, dvs. 1 nautisk mil utanfor grunnlinja ved Fedje (ref fig 1).

I første fase av desse arbeida vil det bli etablert støttefyllingar i form av steinfylling enkelte stader langs traseen. Steinfyllingane er naudsynte for å redusere lengda på frie spenn og for å sikre eit stabilt underlag med tilstrekkeleg bereevne for rørledningen. Omtrentleg lokalisering av desse støttefyllingane er vist i kart i figur under og i kartvedlegg til søknaden. Støttefyllingar

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os

Org.nr. 879 951 542

Hamnevegen 53,

PB. 291, 5203 Os

Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord


Org.nr. 917 495 637

Torgbakken 9

PB. 667, 5404 Stord

Tlf: 53 40 37 80

vil bli etablert med pukk (ca. 10 – 12,5 cm fragmentstorleik) med eit volum på omlag 34 000 m³. Det er planlagt at arbeida med støttefyllingar vil starte opp i april 2022. Etter at røyrledningen er lagt skal denne også tildekkast i eit område for beskyttelse mot skader tilsvarande andre røyrledningar i dette området. På andre deler av strekningen vil røyrledningen ikkje være tildekket.




Figur 1. Områder der det skal etablerast støttefyllingar er markert med grønt. Område der røyrledningen skal dekkast til er markert med rødt.

Når støttefyllingar er etablert vil ein starte på sjølve arbeida med legging av røyrledning. Desse arbeida vil starte på 260 m djupne ved inntrekking av røyr i borehol ved Ljøsøyna sør i Hjeltefjorden. Sjølve boretunnelen er omfatta av tidlegare godkjent rammesøknad om etablering av landanlegg for Northern Lights. Røyrledningen vil bli lagt nordover langs vestsida av Hjeltefjorden parallelt med eksisterande Mongstad gassrøyrledning. Like nordaust for Ljøsøyna vil røyrledningen leggst aust for oppdrettslokalitet 14435 Ljøsøy N, men pga. sjøbotnstopografiske forhold er det planlagt å installere den mellom sjølve oppdrettsanlegget og dei to austlege og ytste ankra (ref. fig.2). Dette er avklart som del av arbeida med reguleringsplanen.

Frå om lag 8 km nord for Stureanlegget, vil den nye CO₂-røyrledningen langs ein strekning på om lag 7 km også følge langs eksisterande Vestprosess røyrledning til Mongstad. Avstand til eksisterande røyrledning vil variere noko, men minimumsavstand vil være om lag 10 meter.

I området sør for Fedje vil CO₂-røyrledningen fortsette nordvestover, og gå sør- og vest for Fedje, vidare nord for vraket av ubåten U-864 med kvikksølvlast, med minimum avstand på om lag 1100 meter frå vraket (600 meter utanfor forbodssona). Topografi på sjøbotnen sør og sørvest for Fedje er svært bratt og krevjande. Ved 1 nautisk mil vest for grunnlinja kryssar røyrledningen ut av plan- og bygningslova sitt verkeområde, og fortsett sørvestover mot injeksjonsbrønnen.


Røyrledningen er 12 ¾ tommar med en veggtykkelse på 16 – 17,5 mm og vil bli lagt ut med spesialisert skip til dette formålet (ref Fig. 3 og Fig. 4). Der det er krappe kurver på røyrledningen vil det bli satt ned (betong)element (turnpoint) for trekking av kurver. Desse vil bli fjerna når røyrret ligg på plass.



Figur 2. Kart som viser trase for røyrledning frå landanlegg i Naturgassparken til 1 nm utanfor grunnlinja, samt utsnitt til venstre som viser området nærast Naturgassparken med oppdrettsanlegg med fortøying.



Figur 3. Bilde av spesialskip for legging av rørledning.



Figur 4. Prinsipp-teikning for inntrekking i borehol og legging av rørledning i sjø.

Etableringa av rørledningen vil skje i perioden frå mars til september 2023.

Endelig plassering av røyrledning vil være tilgjengeleg som digital informasjon fra Kartverket.

Om søknaden

Det er satt opp ein organisasjonsplan for søknadsarbeida:

Tiltakshavar:
Equinor

Ansvarleg søker:
ABO Plan &
Arkitektur

STEINLEGGING STØTTEFYLLINGER	LEGGING AV RØYRLEDNING
Ansvarleg prosjekterande: Subsea 7	Ansvarleg prosjekterande: Subsea 7
Ansvarleg utførande: Tildeles ila. 2021	Ansvarleg utførande: Subsea 7
Ansvarleg kontrollerande: Equinor	Ansvarleg kontrollerande: Equinor

Søknad om røyrledning vert sendt inn som ein rammesøknad sidan tiltaket skal gjennomførast over eit lengre tidsspenn frå mars/april 2022 til september/oktober 2023. Eit anna forhold er at det også er to ulike utførande som skal etablera støttefyllingar og som skal leggja røyrledningen. Det vil bli utarbeida ein felles rammesøknad som omfattar tiltaket i både Øygarden kommune og Fedje kommune. Kvar kommune vil handsame den delen av tiltaket som omfattar deira kommune.

Ved behov for avklaringar eller endringar ber vi om at kommunane koordinerer si sakshandsaming slik at vi kan halde dette som ein felles prosess. Etter godkjent rammesøknad vil det bli sendt inn egne igangsettingssøknader for etablering av støttefyllingar (IG1) og for legging av røyrledning (IG2).

Verksemdene som skal gjennomføre prosjektering og utføring er offshoreverksemdar som ikkje har sentral godkjenning. Det vert derfor erklært ansvarsrett for desse verksemdene knytt til deira rolle i prosjektet. Verksemdene er sertifisert i tråd med ISO 9001, 14001 og 45001 og har velfungerande system for prosjektering, utføring og kontroll.

Ansvarleg søkar vurderer foreløpig at tiltaket bør leggest i tiltaksklasse 2. Dette med bakgrunn i at tiltaket har middels vanskegrad, og at manglar eller feil berre kan føre til små til middels konsekvensar for helse, miljø og tryggleik.

Prosjekteringa av tiltaket følger førehandsdefinerte spesifikasjonar og sjølv utføringa blir gjennomført med spesialdesigna skip til dette føremålet. Kontroll og kvalitetssikring av løysingar og utføring gjennomførast i tråd med CO₂ tryggleiksforskrifta og prinsippa som vert lagt til grunn i HMS-forskriftene for petroleumsværksemda gjeve av Petroleumstilsynet. Det er valt same standard dimensjonar (diameter og veggtykkelse) for røyrledningen som for Mongstad gass røyrledning og Vestprosess røyrledning.

For tiltak i tiltaksklasse 2 skal det gjennomførast uavhengig kontroll av prosjektering og utføring. Obligatorisk uavhengig kontroll kan krevjast for områda bygningsfysikk, konstruksjonstryggleik, geoteknikk og branntryggleik. For dette tiltaket er bygningsfysikk og branntryggleik ikkje relevant sidan tiltaket er i sjø utan brannfarleg stoff. Geoteknikk kan vera relevant for uavhengig kontroll for å sikre at støttefyllingar har tilstrekkeleg stabilitet for å bera røyrledningen og for å sikre mot eventuelle skader på røyr. Konstruksjonstryggleik for design av røyr og for sjølv utføringa ved legging av røyr kan også være relevant for ein uavhengig kontroll då tiltaket er av ein viss kompleksitet.

Equinor vil være ansvarleg kontrollerande for prosjektering og utføring av både støttefyllingar og legging av røyrledning. Det er sendt eige brev til kommunane vedrørande ansvarleg kontrollerande for tiltaket da Equinor også er tiltakshavar i prosjektet. Prosjektering og utføring blir gjennomført av Subsea 7. Dette arbeidet blir kontrollert av Equinor som har lang erfaring med denne type prosjekt frå anna juridisk eining enn der Equinor som tiltakshavar er organisert. Vi meiner derfor at Equinor sjølv oppfyller kravet om at det har vore gjennomført uavhengig kontroll. Det er ikkje ei økonomisk tilknytning mellom Equinor og Subsea 7 som kan påverka kontrollen. Equinor vil ikkje ha nokon grunn til ikkje å gjera ein objektiv og nøytral vurdering av den jobben som er utført. Det er òg vanskeleg å finna andre føretak som har tilstrekkeleg kompetanse knytt til CO₂ røyr til at kontrollen er formålstenleg. Formålet med å ha uavhengig kontroll er betre kvalitet i tiltaket (jf. Innst. O. nr. 50 (2008-2009) s. 17). Dette formålet blir oppnådd best der kontrollen blir utført av eit føretak som har kompetanse på området som blir kontrollert.

Det kan vera aktuelt å vurdere om unntak er på sin plass for dette tiltaket basert mellom anna på at denne typen røyr tilsvare røyrledning i sjø for transport av petroleum som i sin heilskap er

unntatt frå avgjerdene i plan- og bygningslova, jf. pbl. § 1-3. Her er det òg slik at eit eige petroleumsrør er lagt parallelt med CO₂-røyrret. Petroleumstilsynet har tilsynsmynde for begge desse røyra, og begge røyra er bygd etter tilsvarende strenge tekniske krav i relevante tryggingforskrifter. Det er dermed ikkje same behov for kontroll etter SAK10, sidan dette CO₂-røret er underlagt andre typar kontrollmekanismer som sikrar den tekniske kvaliteten i tiltaket.

Samordning med andre myndigheiter og interesser

Før innsending av rammesøknad er det sendt eigne søknadar/orienteringar til myndigheiter som har interesser i sjøområdet. Det er sendt eigen søknad til Bergen Havn for tiltak i sjø. Det er sendt eigen søknad til Forsvaret med bakgrunn i deira øvingsområde i Hjeltefjorden. Det er sendt orienteringsskriv om tiltaket til Statsforvaltaren i Vestland og Bergen Sjøfartsmuseum. Ved gjennomføring av sjølve røyrarbeida med skip vil dette meldast frå til trafikksentralen for skipsfart på Fedje.

Nabovarsling

Da heile tiltaket ligg i sjø med god avstand til land er det ingen naboar som skal varslast. Tiltaket har inga gnr. bnr. men etter avtale i førehandskonferansen ein har nytta gnr. 241 bnr. 180 som er ein av eidedomane der landanlegget er etablert. Det vil også bli etablert eigne avtaler for kryssing av andre røyr, kablar eller forankring av oppdrettsanlegg. Øvrige interesser i sjø vert handsama ved søknad til Bergen Havn. Med bakgrunn i dette vert det søkt om fritak for nabovarsling, iht. PBL §21-3, då arbeida ikkje, eller i liten grad, berører interessene til naboar og gjenbuarar.

Teikningsvedlegg til søknaden

Vedlagt søknaden ligg førebels prosjekteringsmateriale for røyrledningstraseen. For røyrledningen er det vist eit oversiktskart som viser røyrledningstraseen, plangrense reguleringsplan og lokalisering av steinfyllingar. Det er også vedlagt plan- og profildeikningar for heile den omsøkte traseen.

For steinfyllingar er det vist ein typisk plan- og profildeikning av ei av desse fyllingane. Fyllinga viser både prinsipp om støttefylling for CO₂-røyrret, men også prinsipp om tildekking av kryssande gassrøyrledning Kollsnes – Mongstad. Tildekking av røyrledningen andre stader på strekningen vil bli gjennomført etter dette prinsippet.

Det vert gjennomført detaljprosjektering av tiltaket og dersom det er naudsynt kan meir detaljerte teikningar visast i samband med søknad om igangsetjing.

Reguleringsplan og konsekvensutgreiing

I samband med prosjektet Northern Lights ligg det føre godkjent reguleringsplan og konsekvensutgreiing for tiltaket. Tiltaket er også ytterlegare konsekvensutgreia i plan for utbygging, anlegg og drift av heile anlegget.

Her er det gjennomført omfattande utgreiingar av t.d.:

- miljø- og naturverdiar
- nærmiljø, landskap og friluftsliv
- kulturminne og kulturmiljø
- Forureining

- Fiskeri, oppdrett og taretråling
- Skipsfart
- Havvind og petroleumsverksemd

For nærmare informasjon om søknaden ta kontakt med undertegna eller med Laurence Pinturier i Equinor med kontaktinfo tlf: 95216388, epost: lpint@equinor.com

Med venleg helsing

ABO Plan & Arkitektur AS

Arne Kristian Kolstad

Planleggar

Tlf: 95721101

arne@abo-ark.no

Vedlegg:

1. Rammeløyve skjema dat. 16.12.2021
2. Vedlegg A – Opplysingar om tiltakets ytre rammer
3. Vedlegg D1 – Kartutsnitt røyledningstrase
4. Vedlegg E1 - Plan og profildeikningar
5. Vedlegg E2 – Støttefylling ved kryssing av røyrledning
6. Vedlegg E3 – Lokalisering av steinfyllingar
7. Vedlegg G1 – Gjennomføringsplan
8. Vedlegg G2 – Erklæring om ansvarsrett PRO
9. Vedlegg G3 – Erklæring om ansvarsrett KTR
10. Vedlegg G4 – Vedr. krav om uavh. Kontroll
11. Vedlegg Q1 – Fullmakt
12. Vedlegg Q2 – Kopi av søknad til Bergen Hamn
13. Vedlegg Q3 – Kopi av søknad til Forsvaret